

---

**Fra:** fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
**Sendt:** 24. januar 2017 08:25  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Offentleg ettersyn - Radøy - Gnr 43 bnr 94 m fl - Toska - Nye naust  
småbåthamn båtopptrekk tilhøyrande veg og grøntareal -  
Detaljregulering

Vi viser til brev av 23.01.17 og varsel om detaljregulering for Skårnesvika naust og småbåthamn til offentleg ettersyn. Frist for merknader er sett til 07.03.17.

Føremålet med planen er å leggja til rette for nye naust med tilhøyrande småbåthamn, båtopptrekk, veg- og grøntareal. I KPA er planområdet vist som naustområde og småbåthamn og i tillegg er det lagt til noko tilstøtande LNF-område, då hovudsakleg båtopptrekk i sør og eksisterande vegareal (tilkomstveg frå kommunalveg). Sjølve naust- og småbåthamnområde er i KPA tillegg vist som omsynssone 710 - Bandlegging for regulering etter PBL.

Fylkesmannen er nøgd med planframlegget. Reguleringsplanen, slik han ligg føre, er etter vår vurdering i tråd med dei statlege planretningslinene for differensiert forvalting av strandsona og tek i vare omsynet til ålmenta si rett til ferdslle i sjø og på land. Vi har såleis ingen merknader til planforslaget.

mvh

Jan Vidar Voster  
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga  
Fylkesmannen i Hordaland